



Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/8049 - 22/89315

Saksbehandlar:
Madeleine Fonnes Aase
madeleine.fonnes.aase@alver.kommune.no

Dato:
22.11.2022

Synfaring mogleg ulovlegheit - gbnr 137/184 Alver

Tiltak: mogleg ulovlege byggjetiltak
Byggjestad: Gbnr: 137/184 Alver
Tiltakshavar: Ukjent

Saka gjeld

Kommunen har vore i kontakt med deg vedrørende oppføring av naust, slipp og platting på gbnr. 137/184.

Vurdering av saka

Kommunen var på synfaring på eigedomen den 22.11.2022.

Vi har samanlikna godkjente tiltak på eigedomen med dei faktiske tilhøva på staden og finn at utført arbeid ikkje er heilt i samsvar med det som er godkjent i løyve.

Naust



Vi ser at grunnmur på naust er støypt slik at naust vert litt større enn omsøkt. I følgje grovmålingar gjort av kommunen viser dei at naustet vert ca. 0,5 meter lengre og 0,3 meter breidare enn opprinneleg godkjent.

Platting og slipp

I følgje grovmålingar bygger platting ca. 0,2 meter lengre ut enn omsøkt. Vidare er slipp støypt ca. 0,5 meter breidare enn omsøkt.

Du informerer om at du er klar over at måla på teikning som er sendt inn til kommunen er feil. Omsøkte mål og teikningar som viser plassering av naust til dei eksisterande nausta på begge sida samsvarar ikkje heilt. Du informerer om at dei opprinnelege målingane er gjort på kart, og at du i seinare tid har målt på staden og funne ut at det er avvik mellom teikningar som viser plassering og omsøkt storleik på naust.

Kommunen ser at det er best for estetikken om omsøkt naust går i flukt med eksisterende naust i front, og i flukt med eksisterende naust bak/på sida. Avstand til begge nausta er målt til ca. 1 meter slik som omsøkt.



② Fasade mot Sør
1:50

Utklipp fra teikningar vedlagt søknad om løyve.





Bileter frå synfaring 22.11.2022.

Kva skjer vidare

Vi vurderer tilhøva på staden slik det går fram per dags dato som mindre alvorleg og vil difor avstå frå å forfølge, jf. Pbl. § 32-1 2. ledd.

Oppfølging av det ulovlege tilfellet er avslutta frå kommunen si side.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og filsyn

Eirik Berntsen
Avdelingsleiar

Madeleine Fonnes Aase
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.